
Fra: Knut Bjørnevoll
Sendt: 5. mai 2015 15:20
Til: Eilin Houlison Molvik
Emne: VS: Uttale til disp.søknad Lindås 108/88

Fra: Julie Daling
Sendt: 18. mars 2015 13:03
Til: Knut Bjørnevoll
Kopi: Arnold Matre
Emne: Uttale til disp.søknad Lindås 108/88

Uttale til dispensasjonssøknad frå planavd. i Lindås kommune:

Det vert vist til høyringsbrev datert 18.02.2015 og tilhøyrande vedlegg.

Planavdelinga er einig i at det høyringsbrevet legg til grunn for dispensasjonen. I tillegg vil vi orientere om kva som ligg i planframlegget for kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2011-2023). Planprosessen er no komt så langt at det er gjort ein KU for dei innspela som PMU vedtok skulle takast inn i plandokumenta igjen. Dette gjeld blant anna innspel om sjøsettingsplass i Lindås. Den tomte som utpeikar seg som beste lokalitet for sjøsettingsplass ligg rett aust for Rognaldsen bakeri (sjå skissa nedanfor).



Figur 1: Framlegg til avgrensing av småbåtanlegg i Ådnevik

Vegtilkomst til småbåtanlegget:

Utfordringa for eit sjøsettingsanlegg for fritidsbåtar er vegtilkomst heilt ned til sjø. Ei direkte avkøyring frå Fv415 vert ikkje tilrådd då vegstykket her er nokså uoversiktleg slik det ligg i dag. Det vil vere meir tilråddeleg å satse på ei felles avkøyring med Rognaldsen bakeri. Terrenget frå platået ved Rognaldsen og ned til sjø er i utgangspunktet vurdert til å vere eigna for opparbeiding av tilkomstveg.

Kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden skal leggast ut til nytt offentleg ettersyn i løpet av mai.

Planavdelinga tilrår at det som eit vilkår for dispensasjon vert teke omsyn til ein framtidig vegtilkomst kring og søraust for bakeriet. Dette gjeld også med omsyn til eventuell varelevering som kan kome i konflikt med ein tilkomstveg.

Med venleg helsing

Julie Daling

Lindås kommune
Areal- og miljøeininga
Tlf: 56 37 56 30